



Grasrotmidlane er viktige for det gode barne- og ungdomsarbeidet i bygda.

Grasrotmidlane frå Norsk Tipping har vore eit godt bidrag til drift av lag og organisasjonar etter at ordninga starta opp i 2009. Også laga her i bygda har nytt godt av ordninga. Naturleg nok er det idrettslaget som har flest born og unge blant sine medlemmer, som får mest midlar, medan skulemusikken er ein god nummer 2.

Uskedal idrettslag har passert 380 tusen mottekne kroner i den tida ordninga har vore i drift. Dei siste åra har summen lege ganske stabilt på 60.000-talet med stort sett ein liten auke frå år til år. I 2016 var det 122 spelarar som støtta Uskedal idrettslag gjennom ordninga. Det gav 68.716 kroner i lagskassen ein fin auke på 3.156 kr frå året før. For Uskedalslaga var det følgjande resultat:

- Uskedal idrettslag, 122 spelarar, 68.716 kr(+ 3.156)
- Uskedal helselag, 32 spelarar, 7.853 kr(+ 842)
- Uskedal skulemusikk, 77 spelarar, 25.157 kr(+ 3.450)
- Uskedal ungdomslag, 21 spelarar, 5.092 kr(-989)
- Uskedal friluftslag, 1 spelar, 176 kr (ny)
- Uskedal utvikling, 7 spelarar, 2.530 kr(-2.716)
- Røysterett for Alle, 27 spelarar, 10.803 kr(+ 654)

Grasrotmidlane er gode bidrag til det gode og viktige arbeidet som laga gjer i bygda. Det kostar spelarane ingen ting, og derfor er det viktig at alle som spelar hos Norsk Tipping er med på ordninga.

Takst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Bjarte Døssland